

## Allergen immunterapi (allergivaksinasjon)

---

Ved allergen immunterapi får du tablett eller sprøyte med det allergenet du er allergisk mot, til dømes bjørk, gras, husstøvmidd, regelmessig over lang tid. Målet med dette er å gi auka toleranse for allergenet. Andre medisinar som til dømes allergitablettar, astmamedisin eller kortisonsprøyter har ikkje denne effekten, men er berre symptomlindrende.

### Innleiing

Det finst 2 moglegheiter for allergen immunterapi:

#### **Tablettbehandling:**

For bjørkepollen, graspollen og husstøvmidd finst det tablettar som blir tekne dagleg i 3 år.

#### **Sprøytebehandling:**

Behandlinga blir gitt som gjentekne sprøyter i gradvis aukande dosar 1 gong i veka i 7 veker, deretter kvar 8. veke. Anbefalt behandlingsvarigheit er 3 år for luftvegsallergiar (pollen, husdyr og støv), og 5 år ved insektallergi.

### FØR

Når du kjem for å starta opp med allergen immunterapi skal du ikkje vera forkjølt, ha feber eller annan infeksjon. Du skal ikkje ha allergisymptom, fått annan vaksine eller antibiotika siste 7 dagar. Om du har astma skal du ta astmamedisinen din som vanleg. Me startar ikkje behandling viss du er gravid, men det er går fint å bli gravid etter at du har starta behandlinga.

Om det har vorte endringar i helsetilstanden din sida du var hos oss sist, eller du har byrja på medisinar for høgt blodtrykk vil me gjerne at du tek kontakt med oss i god tid før timen du har vorte tildelt

### UNDER

Første behandlingsdag startar me med å ta ein pusteprobe med PEF-målar som måler farten på lufta når du pustar raskt og kraftig ut.

**Tablettbehandling:** Når du startar med tablettar får du den første tablett hos oss under observasjon av sjukepleiar. Tabletten skal leggjast under tunga, og du vil vera i avdelinga i ca 1 time totalt. Vanlege biverknader er kløe og prikking i tunge, lepper, gane og hals. Desse pleier ikkje å vera spesielt sjenerande og går som regel over innan 1 time.

**Sprøytebehandling:** Du får sprøyter i overarmen med det du er allergisk mot (allergen) i aukande dosar, totalt 3 sprøyter av kvart allergen første gong. Dette tek totalt ca 2 timar. Ved fleire enn eitt allergen vil det ta litt lengre tid. Vanlege reaksjonar er kløe og noko hevelse der sprøyten er sett. Ved ein eventuell kraftigare allergisk reaksjon vil du få medisinar for denne medan du er hos oss.

### ETTER

Før du forlèt poliklinikken, gjentek me pusteproven. Har du fått sprøyta vil me i tillegg sjå på staden der sprøyten er sett.

Rapportar neste gong du kjem om du har hatt stor hevelse der sprøyten vart sett.  
Ring om du elles har noko ubehag i samband med behandlinga.  
Den dagen du har fått vaksinen, må du unngå fysisk anstrengelse og vera varsamt med alkohol.

Alvorlege senreaksjoner (til dømes pusteproblemer) finst svært sjeldan. Dersom dette skjer, må du kontakta oss umiddelbart. Etter kl. 15.30 må du ta kontakt med legevakt eller ringja 113.

### **Kontaktinformasjon**

Har du spørsmål, ring oss gjerne på telefon 55 97 38 75/ 70 mellom kl. 08.00 og 15.30 man-fredag.

### **Les meir om sykdommen:**

<https://helsenorge.no/undersokelse-og-behandling/medisin-ved-allergi>